



DELEGERINGSREGLEMENT

Vedteke i sak 054/16

SAMANDRAG

Reglementet klargjer politisk organisering, delegering frå heradsstyret til andre politiske organ, og til administrasjonen

Granvin
heradsstyre

Dato: 28.9.2016

Innhald

1	GENERELT OM DELEGERING	2
1.1	DEFINISJONAR.....	2
1.2	POLITISK ORGANISERING.....	2
1.3	MÅL	3
1.4	PRINSIPP FOR DELEGERING AV AVGJERDSMYNDE.....	3
2	GENERELLE REGLER OM BRUK AV DELEGERT FULLMAKT	4
3	SAKER SOM AVGJERAST AV HERADSSTYRET SJØLV	4
3.1	SAKER SOM UT FRÅ KOMMUNELOVA SKAL HANDSAMAST OG AVGJERAST AV HERADSSTYRET SJØLV	4
4	DELEGERING TIL ANNA POLITISK NIVÅ	5
4.1	INTERKOMMUNALT SAMARBEID OG VERTSKOMMUNESAMARBEID.....	5
4.2	DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	5
4.3	DELEGERING TIL ORDFØRAREN.....	6
5	DELEGERING TIL ADMINISTRASJONEN	7
5.1	SAKER SOM IKKE ER PRINSIPIELLE.....	7
5.2	PERSONALSAKER.....	7
5.3	BUDSJETTSAKER	7
5.4	PLAN- OG BYGNINGSSAKER	8
5.5	EIGEDOMSSAKER.....	8
5.6	VIDAREDELEGERING.....	8
6	RUTINAR FOR TILBAKERAPPORTERING OG KONTROLL	8
6.1	ADMINISTRATIV TILBAKERAPPORTERING.....	8
6.2	POLITISK TILBAKERAPPORTERING	9
6.3	ANDRE KONTROLLMOGLEGHEITER	9
7	RUTINAR FOR ENDRING AV DELEGERINGSREGLEMENT.....	9
	VEDLEGG 1 OVERSYN OVER IKKJE DELEGERT LOVPARAGRAFER	10
	VEDLEGG 2 DELEGASJON TIL ANDRE POLITISKE ORGAN OG KOMITEAR	14
1.	RÅD FOR FOLK MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.....	14
2.	ELDRERÅD.....	14
3.	UNGDOMSRÅD	14
4.	ADMINISTRASJONSUTVAL.....	14
5.	BEREDSKAPSRÅD	14
5.	HEIMEVERNENEMND	15
6.	TILFLYTTINGS- OG INNKVARTERINGSNEMND.....	15
7.	TAKSTORGAN FOR EIGEDOMSSKATT.....	15
8.	KLAGEORGAN FOR EIGEDOMSSKATT	15

1 GENERELT OM DELEGERING

1.1 DEFINISJONAR


Med vedtak meiner ein ei avgjer som vert teke under utøving av offentleg mynde og som generelt eller konkret bestemmer rettar eller plikter til private personar (enkelpersonar eller andre private rettssubjekt) Med vedtakskompetanse (mynde) meiner ein her retten til å gjera vedtak i forvaltningsaker.

Å delegera vil seie å gje andre det myndet som ein sjølv har. Ein kan ikkje delegera ansvar, det ligg alltid hjå heradsstyret. Tittelen rådmann er i Granvin herad nytta for det som i kommunelova heiter administrasjonssjef.

1.2 POLITISK ORGANISERING

Delegering av avgjerdsmynde heng saman med den politiske organiseringa i Granvin herad. Den politiske organiseringa vart vedteke av heradsstyret i desember 2002.

Fig.1. Politisk organisering i Granvin herad



Andre råd og utval	Beredskapsråd	7 representantar
	Heimevernsnemnd	2 representantar
	Tilflyttings og innkvarteringsnemnd	3 representantar
	Takstutval for eigedomsskatt	5 representantar
	Klageorgan for eigedomsskatt	3 representantar
	Tilsynsnemnder for elvane	7 representantar

Granvinseelva (storeelva og sjøen til vatnet)
Kyrkjøelva
Hamreelva
Kvandedselva
Skredo
Brekkeelva
Skjelva
Hyrpe

Ved delegering frå politisk nivå til administrativt nivå, er det i fylgje kommunelova gjeve at dette skjer til rådmannen. Rådmannen si delegering til tenestekvinner/menn skjer administrativt, og er ikkje omfatta av dette delegeringsreglementet.

1.3 MÅL

Delegeringsreglementet skal fastsetja vedtaksmynde for:

- kva saker som skal avgjerast av heradsstyret sjølv
- kva saker er delegert til formannskapet/utval for plansaker
- kva saker er delegert til ordføraren.
- kva saker er delegert til rådmannen. Dessutan fastsett delegeringsreglementet korleis tilbakerapportering av delegert myndighet skal skje.

1.4 RAMMER FOR DELEGERING AV AVGJERDSMYNDE

1.4.1 Heradsstyret sin avgjerdsmynde

Heradsstyret er det øvste vedtaksorganet og har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Heradsstyret handsamar alle saker som kommuneloven seier skal handsamast av «kommunestyret sjølv» (Jf. kommuneloven § 6). Dessutan handsamar dei saker ut frå andre lover der lova seier at eit vedtak skal fattast av «kommunestyret sjølv». Heradsstyret står fritt til å trekkja tilbake delegert mynde kva tid som helst. heradsstyret står og fritt til kva tid som helst å få seg lagt føre tilbakerapportering i samband med delegering. Dette dokumentet inneheld reglar for tilbakerapportering frå bruk av delegert mynde.

1.4.2 Rammer for formannskapet / planutval og økonomiutval

Formannskapet sitt område for mynde er budsjett-, økonomi- og plansaker. I tillegg er formannskapet personidentisk med valstyret og med arbeidsgjevarsida sine representantar i administrasjonsutvalet.

1.4.3 Rammer for delegering til rådmannen

Rådmannen har fullmakt til å gjera enkeltvedtak innanfor rammene av kommunelova, den einskilde særlov og når saka etter ei konkret vurdering vert vurdert for ikkje å vera av prinsipiell tyding. (Jf. kommunelovens §23.4) og dette reglementet punkt 1.4.4

1.4.4 Framgangsmåte for å avgjere om ei sak er prinsipiell

Eit sentralt skilje i dette delegeringsreglementet, er å avgjera om ei sak er av prinsipiell tyding eller av ikkje-prinsipiell tyding. Rådmannen har avgjerdsmynde i alle saker av ikkje-prinsipiell tyding. Kva som er ei "ikkje-prinsipiell" sak, vert avgjort etter ei konkret vurdering i kvar einskild sak, etter fylgjande framgangsmåte:

- a. Ei sak er prinsipiell dersom administrasjonen ynskjer eit vedtak som bryt med den praksis (sedvane) som ligg føre (ynskjer ny praksis), eller som går utover dei retningslinene som ligg føre.
- b. På same måte er saka prinsipiell dersom liknande saker ikkje har vore handsama tidlegare, og vedtaket kan skapa presedens for framtidige saker.
- c. Enkelt saker der administrasjonen har ei sakleg grunngjeving for å avvike frå det forvaltningsmessige likskapsprinsippet skal alltid handsamast i eit politisk organ.

- d. Ei «ikkje-prinsipiell» sak har eit så godt utvikla saksområde, at det ligg føre presedens eller sedvane for kva for vedtak ein skal gjera, opp mot fakta i saka, eller at saksområdet skal handsamast innanfor gitte retningsliner. Omgrepet retningsliner nyttast her om lover, forskrifter eller anna skriftleg rettleiing som er utarbeida av forvaltingsorgan til bruk på saksområdet, eller reglement som er vedteke for å nyttast på saksområdet. Er det tvil om kven som skal gjera vedtak i ei sak, har ordførar og rådmann ansvaret for å kartlegge dette. Dersom det framleis er tvil, går saka til politisk handsaming.
- e. Ut over desse punkta har administrasjonen ein generell plikt til å vurdera ei sak ut frå sitt konkrete innhald, for på den måten å avklare om det er ei sak som skal avgjerast politisk eller administrativt.

2 GENERELLE REGLER OM BRUK AV DELEGERT FULLMAKT

- a. All delegert fullmakt skal utøvast med heimel i lover, forskrifter og retningsliner som er gjeve av overordna organ, og innanfor budsjetta sine økonomiske rammor og føresetnadar.
- b. Eit overordna organ som har delegert mynde kan krevja å få seg lagt føre ei kvar sak som eit underordna organ har handsama i samsvar med delegeringsfullmakta. Dersom det ikkje er gjort endeleg vedtak, kan det delegerande organet sjølv gjera vedtak i saka. Det same prinsippet gjeld ved delegering til administrasjonen.
- c. Den som har fått delegert mynde kan be det overordna organet om å ta avgjerd dersom spesielle tilhøve seier det, med mindre den som ber om det, ut i frå lovverket, har plikt til å gjera vedtak.
- d. Handsaming av klage på forvaltningsvedtak fylgjer forvaltningslova sine reglar, med mindre anna fylgjer av særlov.
- e. Eit organ kan, innanfor rammene av forvaltningslovens § 35, gjera om sitt eige vedtak.

3 SAKER SOM AVGJERAST AV HERADSSTYRET SJØLV

Formuleringa “kommunestyret sjølv” inneber at retten til å gjera vedtak ikkje kan overførast til andre folkevalde organ eller til administrasjonen. Det ligg då føre eit delegeringsforbod. Dette kan

- a. vera bestemt ved lov; kommunelova eller særlov, eller
- b. vera bestemt gjennom dette delegeringsreglementet og i samsvar med kommunelova.

3.1 SAKER SOM UT FRÅ KOMMUNELOVA SKAL HANDSAMAST OG AVGJERAST AV HERADSSTYRET SJØLV

Mange av kommunelova sine føresegner er formulert slik at det vert gjeve ein ufråvikeleg føresetnad at saka skal handsamast av heradsstyret sjølv. Einskilde, ikkje lovfesta saker som ut frå saka sitt prinsipielle innhald og/eller storleik/omfang, skal handsamast av heradsstyret. Dette kan mellom anna vere:

- a. Vedta den politiske organisasjonsstrukturen.
- b. Vedta saker om heradsstyret sin forretningsorden.
- c. Handsama saker som ordføraren eller eit fleirtal av heradsstyret sine medlemmer sjølv bestemmer.
- d. Granvin herad sitt budsjett. Heradsstyret sjølv vedtar:
 - Heradet sitt årsbudsjett.
 - Mål og premisser for drifta knytt til einingane.
 - Eit driftsbudsjett fordelt på einingane med ei netto driftsramme.

- Forventa skattar og rammetilskot og andre overordna inntekter for kommande år og nødvendige endringar i løpet av budsjettåret.
- Omprioriteringar mellom einingane når dei er av vesentleg eller prinsipiell art.
- Investeringsbudsjett og naudsynte endringar i løpet av året. Tiltak og prosjekt finansiert av ei eining si driftsramme, men som av forskriftsmessige grunner må først i investeringsrekneskapan, kan vedtakast av rådmannen.
- Bruk av ubunde investeringsfond, felles disposisjonsfond og andre ubundne fond.
- Nivået på avgifter og gebyr for kommunale tenester der slik mynde ikkje er gitt andre organ etter lov, forskrift eller delegering.
- Tilsetja administrasjonssjef/rådmann.

Sjå elles liste over lovparagrafar i vedlegg I.

4 DELEGERING TIL ANNA POLITISK NIVÅ

4.1 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OG VERTSKOMMUNESAMARBEID

I høve kommunelova § 27 (interkommunalt samarbeid) og § 28 (vertskommunesamarbeid) kan kommunane samarbeida om å løysa einiskilde kommunale oppgåver.

Heradsstyret vedtek vedtekter/samarbeidsavtaler og nemner opp medlemmer til styrer.

Heradsstyret delegerer oppgåver og mynde til desse organa i dei konkrete tilfella.

4.2 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

4.2.1 Budsjettsaker:

I medhald av kommunelova § 8 nr. 3 skal formannskapet handsama framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, og leggja sine framlegg til vedtak fram for heradsstyret.

4.2.2 Plan og byggjesaker

- a. Formannskapet handsamar plansaker etter pbl § 3-3.
- b. Formannskapet skal fastsetja planprogram for reguleringsplanar jf pbl § 12-9
- c. Gjera vedtak om utlegging av reguleringsplaner til offentleg ettersyn jf pbl § 12- 10
- d. Førebu arbeidet med kommuneplanens arealdel, mellom anna senda planprogram for kommuneplanens arealdel på høyring og offentleg ettersyn jf pbl § 11- 13.
- e. Vedtek sal av tilleggs- og arronderingsareal med storleik på inntil 2 dekar, og inngå makeskifteavtaler. Mynde gjeld og rett til å avtala pris.
- f. Mynde til å gjera vedtak om mindre endringar i reguleringsplan PBL §12-14 2.ledd.

4.2.3 Dispensasjonar

- a. Formannskapet har mynde til å gjera vedtak om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplan og bebyggelsesplan med mindre anna er bestemt i den gjeldande planen.
- b. Formannskapet er klage- og dispensasjonsmyndigheit etter plan- og bygningsloven § 19 for saker av prinsipiell tyding (jf punkt 5.4).

4.2.4 Utvida mynde i hastesaker

Heradsstyret delegerer, med heimel i kommunelova § 13 nr. 1, mynde til formannskapet til å gjera vedtak i hastesaker. Dette er aktuelt i saker som heradstyret normalt ville avgjort sjølv, men kor ein må gjera vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla desse inn til møte.

4.2.5 Valstyre

Valstyret vert vald så langt det er mogleg, personidentisk med formannskapet, jfr. vallova § 4-1. Med heimel i vallova § 4-2 delegerast det til valstyret mynde til å foreta val av medlemmer og varamedlemmer til stemmestyrene og blant desse leiar og nestleiar.

4.2.6 Kontroll av investeringar

I medhald av kommunelova § 8 nr. 3 skal formannskapet fungera som overordna oppfylgings- og kontrollorgan for kommunale investeringsprosjekt.

4.2.7 Økonomioppfølging

Heradsstyret delegerer til formannskapet å ha jamleg oppfølging av heradet sin økonomiske situasjon. Ved vesentlege avvik føreslå korrigerande tiltak overfor heradsstyret.

4.2.8 Tapte fordringar

Avskrivningar på tap av krav over kr 30 tusen ut over budsjettert beløp, må handsamast av formannskapet.

4.2.9 Klagar

Klagar skal normalt handsamast av det organet (politisk eller rådmannen) som har gjort vedtaket det er klaga på.

Formannskapet handsamar klagar på administrative vedtak etter forvaltingsloven kapittel VI. «Om klage og omgjøring», der administrasjonen ikkje har gjeve klagen medhald.

4.2.10 Viltnemnd

Formannskapet er viltnemnd etter Viltlova § 4.

4.2.11 Andre saker.

- a. Fritak frå politiske verv
- b. Oppnemning av politiske representantar til styrer for bedrifter, institusjonar o.l, der det ikkje er gjort særskilte vedtak.
- c. I tillegg kjem dei sakane kommunestyret ber formannskapet å handsame.
- d. Gjer særlege grunnar at det kom til å verta sær urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet (Eigedomsskattelova §28).
- e. Formannskapet er heradet si viltnemnd etter Viltloven § 4.

4.3 DELEGERING TIL ORDFØRAREN

I medhald av kommunelova § 9 nr. 5 delegerer heradsstyret til ordføraran:

- a. Søknadar om permisjon frå politiske verv inntil 6 mnd.
- b. Oppnemning av representantar til generalforsamlingar o.l. når også vararepresentant ikkje kan møte, der det ikkje er gjort særskilt vedtak.
- c. Fullmakter ut frå vedteke plan for kommunal kriseleiing til å disponera inntil 1. million kroner i naudstilfeller.
- d. Krav om offentleg påtale.
- e. Avgjere om delegasjonar, verksemder, organisasjonar oa. skal få taletid i heradsstyremøte eller formannskapsmøte.

5 DELEGERING TIL ADMINISTRASJONEN

I medhald av kommunelova § 39 nr. 2 gjev heradsstyret rådmannen mynde til å koma med tilrådingar i alle politiske saker der ikkje anna er bestemt. I saker handsama av formannskapet og i politiske komitear er det desse som kjem med tilrådingar til heradsstyret.

Heradsstyret delegerer vidare til rådmannen:

5.1 SAKER SOM IKKE ER PRINSIPELLE

I høve kommunelova § 23.4 og dette reglementet: Å treffe vedtak i einskildsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell tyding.

5.2 PERSONLSAKER

I høve kommunelova § 24.1 delegerer heradsstyret til rådmannen retten til å ta avgjerd i desse sakene :

- a. Rådmannen får fullmakt til å representere arbeidsgjevar i alle forhold, så langt ikkje anna er bestemt i dette reglementet.
- b. Rådmannen får fullmakt til å tilsetja i alle stillingar med unntak av rådmannsstillinga.
- c. Rådmannen kan vedta organisatoriske endringar etter at arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet har hatt høve til å uttale seg.
- d. Avgjera søknad om alle typar permisjon som kan gjevast etter lov, avtale eller reglement.
- e. Inngå forlik i rettstvistar om forståing eller gyldigheit av lokale avtalar.

5.3 BUDSJETTSAKER

- a. Utarbeida salderte framlegg til budsjett og økonomiplan, og leggja fram for formannskapet.
- b. Å fordela vedtekne økonomiske rammer for skatter, rammetilskot, renter og avdrag i samsvar med detaljert kontoplan.
- c. Å fordela heradsstyret sine vedtekne økonomiske rammer for einingane vidare ut på ansvar, tenester og art i samsvar med oppgåver, organisasjon og myndigheitsstruktur.
- d. Å gjera mindre endringar mellom einingane når endringane fylgjer av regnskapstekniske omsyn eller flytting av oppgåver og at nivået på tenestene ikkje vert endra.
- e. Å gjera vedtak om igangsetting eller utviding av driftstiltak, når dette bidreg til å oppnå politisk vedtekne mål og er innanfor dei økonomiske rammene som heradsstyret har vedteke.
- f. Å gjera vedtak om igangsetting eller utviding av driftstiltak, når det er gjeve eksternt øyremerka tilskot til tiltaket som fult ut dekkjer utgiftene. Om driftstiltaket treng kommunal eigendel og driftstiltaket er innanfor politisk vedtekne mål, skal formannskapet godkjenne bruk av kommunal eigedel til tiltaket dersom det ligg utanfor vedteke budsjett. Om tiltaket

bind heradet til auka utgifter seinare år skal igangsetting av tiltaket godkjennast av heradsstyret.

- g. Å overføre midlar frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet når kjøp finansiert av einingane sine driftsbudsjett er meir ei investering enn det er rein drift.
- h. Å avtale villkår for låneopptak som heradsstyret har vedteke å ta opp til investeringsformål, her under avtale refinansiering av lånegjeld når dette vert gjort utan at nedbetalingstida vert endra.
- i. Å gjennomføra fastsette mål for einingane innanfor de rammer og premisser heradsstyret har vedteke.
- j. Å utarbeida årsrapport for heradsstyret med vurdering av måloppnåing og økonomisk analyse.
- k. Disponering av einingsvise disposisjonsfond.

5.4 PLAN- OG BYGNINGSSAKER

Rådmannen er delegert ansvar for:

- a. Å varsle start av planarbeid som er i samsvar med kommuneplanen jf pbl § 12- 8.
- b. Leggja framlegg til planprogram jf plb § 12-9 ut til offentleg ettersyn.
- c. Å handsama dispensasjonssaker etter pbl § 19 frå byggjeforskrift, reguleringsplan og kommuneplanens arealdel som ikkje er prinsipielle, og så langt dei er i tråd med føremålet i planen.
- d. Klage på rådmannens dispensasjonsvedtak skal handsamast av formannskapet som fyrste instans før klagesak vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd. Ved fare for brot på fristar på sakshandsamingstid på klagesak, kan rådmannen gjera vedtak i klagesak som førsteinstans. Rådmannen skal gjera greie for avgjerdsla, til formannskapet.
- e. Å gjera vedtak etter lov om eigedomsregistrering (matrikkelloven). Formannskapet handsamar klagesaker etter matrikkelloven.
- f. Mynde til å vedta mindre endringar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen PBL §12-14 2.ledd som ikkje er prinsipielle.

5.5 EIGEDOMSSAKER

Å gjera vedtak om sal av bustad- og næringstomter i regulerte kommunale tomteområder etter retningsliner (herunder for prissetting) gjeve av heradsstyret.

5.6 VIDAREDELEGERING

Heradsstyret gjev rådmannen høve til å delegere vidare der rådmannen finn det naudsynt.

6 RUTINAR FOR TILBAKERAPPORTERING OG KONTROLL

Delegering av avgjerdsmynde er eit ledd i eit styrings- og avgjerdssystem. Det er difor lagt opp eit system for kontroll og tilbakemelding.

6.1 ADMINISTRATIV TILBAKERAPPORTERING

- a. Årsrekneskap og årsmelding leggjast fram på våren etter budsjettåret i tråd med forskrifter. Årsmeldinga skal spegla status både for økonomisk resultat og måloppnåing.
- b. Heradsstyret og formannskapet får seg lagt føre tertialrapporter for måloppnåing og økonomi.

- c. I tillegg kan rådmannen påleggjast å rapportera tilbake spesielt innan særskilde områder i løpet av driftsåret.
- d. Dersom det er tvil om utøving av delegert mynde eller det er problem knytt til utøving av mynde, plikter rådmannen å melda dette til formannskapet eller heradsstyret.

6.2 POLITISK TILBAKERAPPORTERING

- a. Hastevedtak i formannskapet meldast til heradsstyret i fyrste møte.
- b. Vedtak i formannskapet meldast til heradsstyret ved at møteinnkalling og protokoll vert lagt ut på felles nettstad for alle representantane i heradsstyret (Politikarnett Ipad).
- c. Heradsstyrerepresentantane vil også kunne be om å få tilsendt spesielle saker frå formannskapet.
- d. Ordføraren gjev tilbakemelding til formannskapet på utøvd mynde.

6.3 ANDRE KONTROLLMOGLEGHEITER

- a. Representantane i heradsstyret eller formannskapet kan i kvart møte fremja interpellasjonar eller stille spørsmål i samsvar med reglement for heradsstyret.
- b. Tre eller fleire formannskapsrepresentantar kan heve vedtakskompetansen i ei politisk sak som er til handsaming i formannskapet. Saka går då til handsaming i heradsstyret.
- c. Tre eller fleire heradsstyrerepresentantar kan bringe ei avgjersle inn for fylkesmannen for lovlegkontroll, jf. kommunelovens § 59.
- d. Kontrollutvalet føretek tilsyn med den kommunale forvaltinga og nyttar revisjonen til å gjennomføre sitt arbeide.
- e. Einskildvedtak som er fatta politisk eller administrativt kan med få unntak klagast på. Klagehandsaming skjer i samsvar med lov/særlov og dette reglementet.
- f. Før klagehandsaming skal den som har gjort vedtaket vurderer omgjerung av det opphavlege vedtaket. Omgjerung utan klage kan og gjerast i samsvar med forvaltningsloven. Forvaltningslova er skriva på bokmål og skal difor ha namn på bokmål med en-ending. Lover som er skriva på nynorsk skal ha a-ending, til dømes jordlova og offentleglova.
- g. Granvin herad sin postjournal og arkiv fylgjer offentleglova sine prinsipp om tilgjenge for dei som ynskjer innsyn. Prinsippet om meiroffentlegheit skal fylgjast.

7 RUTINAR FOR ENDRING AV DELEGERINGSREGLEMENT

Heradsstyret kan til ei kvar tid vedta å endra delegeringsreglementet. Redaksjonelle endringar eller endringar som ikkje fører til endra nivå for vedtaksmynde, gjennomførast av rådmannen. Ved tvil, avgjer ordføraren handsamingsmåte.

Reglementet bygger på vedtak av 27.03.2003, endra HS 048/08, og HS 014/12

VEDLEGG 1 OVERSYN OVER IKKJE DELEGERT LOVPARAGRAFAR

Fylgjande lover og paragrafar **kan ikkje** delegerast frå heradsstyret

1	Brann- og eksplosjonsvernlova	
	§ 7	Tiltak ved store arrangement, 3. ledd
		Lokale forskrift om meldeplikten
	§ 13	Særskilte brannobjekt, 4. ledd
		Lokal forskrift om tilsyn med andre byggverk m.m. enn de som er omfattet av første ledd.
	§ 28	Gebyrer, 2. ledd
		Lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fying
2	Domstollova	
	§ 57	Val til forliksråd
	§ 66	Val av lagrettemedlemmer og meddommere
	§ 66 a	Suppleringsval av lagrettsdommarar og meddommarar
	§ 68	Val av medlemmer til utvalgene som er bestemt etter §§ 64 og 65.
2	Eigedomsskattelova	
	§ 2	Om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.
	§ 3	Kva som skal skattleggjast.
	§ 7	Fritak for eigedomsskatt
	§ 10	Satsar og reglar for utskrivning av eigedomsskatt
	§ 11	Fastsetting av botnfradrag
	§ 12	Fastsetting av skatteøyre
	§ 13	Oppnemning av klagenemd
	§ 14	Fastesetting av terminar
3	Eldrerådslova	
	§ 1	Skiping av kommunale eldreråd
	§ 2	val og samansetjing av kommunale eldreråd
	§ 4a	Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne
4	Fjellova	
	§ 3 6.ledd	Oppnemne representantar til fjellstyret
	§ 4	Fråsegn om oppnemning av fleire fjellstyre ved fleire statsalmenningar i same kommune.
	§ 5	Fråsegn om oppnemning av felles fjellstyre for fleire statsalmenningar. Oppnemning av representantar til felles fjellstyre
	§ 7	Fastsetting av godtgjersle for fjellstyremedlemmer.
5	Folkehelselova	
	§ 18	Straff for å overtre pålegg eller forskrift. Begjære påtale etter denne lova.
6	Forpakkingslova	
	§ 11 2.ledd	Nedsetting av utval for å halde skjønn.
7	Havne- og farvannslova	
	§ 10	Delegering av kommunen sin myndigheit til andre verksemder, selskap eller organ.
8	Helse- og omsorgstenestelova	

	§ 6-1	Plikt til å inngå samarbeid med helseforetaka
	§ 6-5	Endring og oppseiing av avtala med helseforetaket.
9	Industrikonsesjonsloven	
	§ 24 4.ledd	Uttale ved søknad om konsesjon.
10	Inndelingslova	
	§ 4	Vedtak om samanslåing
	§ 5	Vedtak om deling
	§ 8	Initiativrett
	§ 9 4.ledd	Saksutgreiing
	§ 10	Innbyggjarhøyring
	§ 12 2.ledd	Skatteplikt Vedtak av satsar for forskot på skatt for ny kommune.
	§ 26	Fellesnemnd
11	Lov om interkommunale selskap	
	§ 4	Selskapsavtalen
	§ 6	Representantskapet og dets samansetning
	§ 32	Oppløysing
12	Kommunelova	
	§ 7	Kommunestyrets samansetning
	§ 8	Val av formannskap
	§ 9	Val a ordførar og varaordførar
	§ 10	Val av faste utval og komitear
	§ 10a	Val av kommunestyrekomitear
	§ 11	Val av styre for institusjon oa.
	§ 12	Val Kommunedelsutval
	§ 13	Utvide mynde i hastesaker
	§ 15	Uttreden. Suspensjon.
	§ 16	Opprykk og nyval
	§ 18	Innføring og oppheving av kommunal parlamentarisme
	§ 19	Oppretting av kommuneråd
	§ 22	Tilsetting av administrasjonssjef
	§ 24 nr. 2	Oppretring av åremålsstillingar for leiarar
	§ 25 nr. 2	Val til administrasjonsutval
	§ 26 nr. 4	Retningslinjer for møterett for tilsette i nemnder
	§ 28	overdraging av tariffmynde
	§ 28-1 C nr. 3	Delegering til vertskommune
	§ 28-1 E nr. 1	Inngå samarbeidsavtale med vertskommune
	§ 28-2 a	Oppretting av samkommune
	§ 28-2e	Inngå samarbeidsavtale om samkommune
	§ 28-2h	Samkommunestyret
	§ 28-2j	Administrativ leder
	§ 28-2u	Oppløsing av samkommune
	§ 30	Møteprinsipp. Møtebok.
	§ 38a	Avtaleval
	§ 39 nr 1 og 2	Reglement for sakshandsaming i politiske organ. Reglement for delegasjon.
	§ 39a	Innbyggjarframlegg

	§ 39b nr. 1	Lokale folkerøystingar
	§ 40 nr. 5	Fastesette reglement for folkevalgtes rett til innsyn.
	§ 42	Arbeidsgodtgjering
	§ 43	Pensjonsordning
	§ 44	Økonomiplan
	§ 45 nr. 2	Årsbudsjett
	§ 48 nr. 1 -3 -5	Årsrekneskap og årsberetning
	§ 52 nr. 1	Finansforvaltning
	§ 56	Vedtak om betalingsinnstilling. Oppnemning av tilsynsnemd.
	§ 62	Oppretting av kommunalt foretak
	§ 63	Foretakets vedtekter
	§ 65	Foretakets styre
	§ 66	Valperiode for styret
	§ 69	Vedtak som må godkjennes av kommunestyret (prinsipielle vedtak)
	§ 77 nr. 1	Val av kontrollutval
	§ 78 nr. 3 - 4	Val av revisjonsordning og av revisor.
13	Lov om motorferdsel i utmark	
	§ 5	Generell tillatelse til start og landing av luftfartøy og motorfartøy på innsjø.
14	Opplæringslova	
	§2-5 7. ledd	Krav om skifte av målform
15	Plan og bygningsloven	
	§ 3-3 2. ledd	Leiing av kommunal planlegging og tilsyn. Vedtak av kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.
	§ 10-1	Kommunal planstrategi
	§ 11-4	Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplan og rullering av handlingsdel.
	§ 11-12	Oppstart av arbeid med kommuneplan.
	§ 11-15	Vedtak av kommuneplan
	§ 11-16 1.ledd	Vedtak ved innsigelse frå departement
	§ 12-7	Bestemmelser i reguleringsplan
	§ 12-12 1-2. ledd	Vedtak av reguleringsplan
	§ 16-2 3.ledd	Ekspropriasjon utenfor reguleringsplanområde
	§ 16-3 1-2.ledd	Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan
	§ 16-4	Ekspropriasjon til vann- og avløpsanlegg
	§ 17-2 1.ledd	Føresetandar for utbyggingsavtalar
16	Vallova	
	§ 4-1	Val av valstyre
	§ 9-2	Fastsetting av valdag
	§ 9-3	Tid og stad for stemmegjeving

Fylgjande lover og paragrafar **kan** delegerast frå heradsstyret, men er **ikkje** delegert.

1 Skattelova

§ 15-3 Fastsetting av skatteøre

2 Skjønnsprosessloven

§ 14 Framlegg til oppnemning av skjønnsmedlemmer.

3 Vassdragsreguleringslova

§ 11 Konesjonsvilkår og avgift

4 Barnehagelova

§ 7 4.ledd Fastesetting av vedtekter til barnehagane.

§ 10 Godkjenning.

§ 11 Godkjenning av familiebarnehage

§ 15 Foreldrebetaling.

§ 16a Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikke-kommunale barnehager

VEDLEGG 2 DELEGERING TIL ANDRE POLITISKE ORGAN OG KOMITEAR

I medhald av kommunelova § 10 fyrste og andre ledd, opprett heradsstyret i Granvin fylgjande faste utval:

1. RÅD FOR FOLK MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet er oppretta etter LOV-2005-06-17-58, Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal ha til handsaming saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, deira behov og interesser. Rådet har spesiell uttalerett i alle saker som gjelder funksjonshemma i kommunen.

Rådet skal særleg høyrast særleg i plansaker.

Representantar for rådet for funksjonshemma har møte- og talerett i formannskapet og kommunestyret.

2. ELDRERÅD

Eldrerådet er oppretta i medhald av LOV-1991-11-08-76

Eldrerådet skal ha til handsaming dei sakene som er tillagt rådet etter lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, og har spesiell uttalerett i alle saker som gjeld eldre i kommunen.

Representantar for eldrerådet har møte- og talerett i formannskapet og kommunestyret.

3. UNGDOMSRÅD

Gje råd og innspel i saker som er viktig for ungdom i kommunen, særleg knytt til budsjett og økonomiplan.

Nemne opp representant til ungdommens representant i plan og bygningssaker.

4. ADMINISTRASJONSUTVAL

Utvalet er kommunen sitt partssamansette utval etter kommunelova § 25 for handsaming av fellessaker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvalet er også kommunen sitt likestillingsutval.

Utvalet bør prioritere arbeidet med:

- Arbeidsgjevarpolitikk i vid forstand (jfr. KS si arbeidsgjevarpolitiske plattform)
- Personalpolitiske retningsliner for kommunen si verksemd
- Rammer, reglement og retningsliner for administrasjonen sin operative personalfunksjon
- Mål og rammer for kommunen si opplæringsverksemd og kompetanseutvikling

Dei deler av arbeidsgjevarpolitikken som dei tilsette ikkje har rett til å handsame, vert overført til formannskapet.

Kurante vedtak i personalsaker og andre enkeltsaker innanfor lovområda er normalt delegert til rådmannen.

5. BEREDSKAPSRÅD

Jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt (Lov om sivilt beredskap)

Beredskapsrådet er eit forum med personar frå politisk og administrativ leiing i kommunen og lokale/regionale representantar frå sentrale samarbeidspartnarar/støttespelarar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Beredskapsrådet er eit forum for gjensidig orientering om beredskapsarbeidet og naudsynte avklaringar av ansvarsforhold og fordeling av arbeidsoppgåver. Beredskapsrådet vert leia av ordføraren.

5. HEIMEVERNSNEMND

Oppretta i tråd med forskrift til lov om Heimevernet § E 22-25

I kvar kommune skal det vera ei heimevernsnemnd med rådgjevande mynde.

Nemnda representerer dei sivile styresmakter i heradet og skal fremja samarbeidet mellom desse og heimevernsområda.

Elles vert det vist til forskrifta.

6. TILFLYTTINGS- OG INNKVARTERINGSNEMND

Nemnda har ansvar i høve heradet sin beredskapsplan.

7. TAKSTORGAN FOR EIGEDOMSSKATT

Oppretta i tråd med Eigedomsskattelova § 8 A-3

Skal verdsetja faste eigedommar i heradet.

Skal planleggja taksering og drøfta retningsliner for taksering for å sikra ei lik vurdering.

8. KLAGEORGAN FOR EIGEDOMSSKATT

Oppretta i tråd med Eigedomsskattelova § 20

Handsamar klager på utskriving av eigedomsskatten.